



Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgt. 16
5722 Dalekvam

Dato: 28.04.2015
Vår ref.: 2015/74-134
Saksbehandlar: berbjor
Dykkar ref.: 15S9AE67

Avslag på søknad om tilskot til friluftslivsføremål (kap. 1420 post 78) - Villmarksleir på Småbrekke

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lokale friluftslivstiltak. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, vedtok den 16.04.2015 at dykkar søknad – Villmarksleir på Småbrekke ikkje fekk tilsagn.

Grunngjeving

I samband med Friluftslivets år 2015 har Miljødirektoratet tildelt Hordaland kr 1.110.000 meir til denne tilskotsordninga i år enn i fjor. Beløpet til vidare fordeling har såleis auka frå kr 820 000 i 2014 til kr 1 930 000 i 2015. Det er 74 søknadar med ein samla søknadssum på kr 4 654 405. Til grunn for handsaminga låg skildringa som vart gitt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga og relevans for Friluftslivets år 2015. Vurderinga er og sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Dykkar søknad fekk diverre ikkje tilsagn. Grunngjevinga er at Vaksdal kommune ikkje er søknadsberettiga i denne ordninga.

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak ligg ved.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive e-post eirik.knive@hfk.no eller tlf 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Eirik Knive
Rådgjevar

Vedlegg: Sak 2015/74-134 - Tilskot til friluftsføremål 2015 (Kap 1420 post 78)

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.